



EUB Ltd
Øvre Kråkenes 66
5152 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3385 - 19/36243

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.12.2019

Etterspør ferdigattest for godkjend tiltak - gbnr 213/62 Eikanger nedre

Tiltak: Bustad
Tiltakshavar: Anita Apeltun Sæle (registrert heimelshavar frå 2017)

Lindås kommune viser til løyve til oppføring av bustad på gbnr 213/62 gitt i vedtak datert 10.09.2014 og endringsløyve gitt i vedtak datert 17.08.2017, sjå vedlegg.

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. plan- og bygningslova § 21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om mellombels bruksløyve eller søknad om ferdigattest for tiltaket. Dersom tiltaket er ferdig ber vi om at de fyller ut og sender inn vedlagd skjema for søknad om ferdigattest. Dersom tiltaket ikkje er realisert ber vi om at du melder tilbake om det.

Vi gjer merksam på at dersom tiltaket ikkje er igangsett innan 3 år frå vedtaksdato så er løyvet gått ut, saka vert avslutta og du må søkje på nytt etter gjeldande regelverk. Dersom tiltaket er ferdig og tatt i bruk utan at det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan kommunen pålegge dykk å søkje om ferdigattest.

Frist for å søkje om ferdigattest/ melde tilbake om at arbeidet ikkje er utført vert sett til 18.12.2019.

Med helsing

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Vedlegg:

Løyve til tiltak - oppføring av bustad på gbnr 21362 - Eikanger nedre.

Løyve til endring av plassering og fasadar - gbnr 213/62 Eikanger nedre

Søknadsskjema ferdigattest

Kopi til:

EUB Ltd

Øvre Kråkenes 66 5152

BØNES

Solaug Anita Apelthun Sæle

Øvre Kråkenes 49 5152

BØNES

Mottakarar:

EUB Ltd

Øvre Kråkenes 66 5152

BØNES